
Sofia Eliasson (f. 1981, Sverige) har ein mastergrad i kunst frå Fakultetet for Kunst, Musikk og Design ved Universitetet i Bergen frå 2017. Ho har stilt ut ved blant anna Norsk Billedhoggerforening i Oslo, Galleri 54 i Gøteborg og Hordaland kunstsenter i Bergen, samt synt arbeid ved Kunsthall Grenland i Porsgrunn, Nitja senter for samtidskunst i Lillestrøm, Kristiansand Kunsthall og Tag Team studio i Bergen. For tida arbeider ho med eit offentleg kunstprosjekt for Bergen kommune som skal realiserast i Laksevåg barnehage i 2024.

Sofia Eliasson (b. 1981, Sweden) has a master's in Art from the Faculty of Art, Music, and Design at the University of Bergen from 2017. She has exhibited at, amongst others, Norwegian Sculptors' Association in Oslo, Galleri 54 in Gothenburg and Hordaland Art Center in Bergen, as well as showing work at Kunsthall Grenland in Porsgrunn, Nitja center for contemporary art in Lillestrøm, Kristiansand Kunsthall, and Tag Team studio in Bergen. She is currently working on a public art project for Bergen municipality, which will be realised at Laksevåg nursery in 2024.

24.11.2023–14.01.2024

**SOFIA
ELIASSON**

KRAFTBERGEN.NO

SYMBIOSER

Tiltrekt av dufta av feromon famlar ei solitær bie seg gjennom ein liten, gulgrøn bolle. Kravlande presser ho seg fram medan pelsen fyllest med små pollenkorn frå dei skjøre veggane i bollen, ein del av orkidéen marisko. Er bia klar over at dette er heilt essensielt for mariskoens eksistens, eller summar ho berre vidare til neste blome, uvitande om at ferda hennar sørger for befrukting, at det er dette som gjer ein ny generasjon marisko mogleg? Ein undrar ofte på kva punkt det er som leiar til det neste. Kva konsekvensar får vala vi tar i livet? Var det bia som fekk mariskoen til å utvikle si spesifikke duft, eller mariskoens duft som påverka utviklinga til bia? Kva om livet ikkje er ei lineær linje som leiar ein frå eit punkt til eit anna, men heller eit resultat av samarbeid, symbiosar, av stadig dialog som vekslar mellom det eine og det andre?

I *Symbioser* vekslar Sofia Eliasson mellom fortid, framtid og notid. Ved å nytte gamle handverksteknikkar, kunstig intelligens og andre livsformers skaparverk, undersøker ho evolusjon, transformasjon og moglege versjonar av liv. Med utgangspunkt i mariskoen, ein av dei einaste viltveksande orkidéane i Noreg, matar ho kunstig intelligens med eigne visuelle utforskningar, eksisterande biletmateriale og tekst for å mane fram alternative versjonar av orkidéen. Korleis kunne han sett ut om den hadde vore pollinert av romvesen? Dersom delar av han vart forstørra eller forminska? Om han slett ikkje var avhengig av den kalkrike grunnen den så kresent har slått seg til på? Den kunstige intelligensen svarar, kastar frå seg forslag og moglegheit som Eliasson tek med seg vidare og omarbeider. Ved å frese ut dei ulike framstillingane av orkidéen i kleberstein, lagar ho støypeformer i eit material som har vore med i kulturarven sidan middelalderen. Formene fyllest med tinn, som gjev ei negativ form og ei positiv avstøyping av orkidéen som objekt. Stilt ut saman som par, opnar Eliasson for ein lek som spring mellom tider og transformasjon — eit fossil av ei potensiell framtid kopla med fortidas teknikk og materialbruk. Botanikk skapa gjennom kunstig intelligens møter fordums støypeteknikker via samtidig teknologi.

Somme tider skapar naturen sjølv sine eigne avstøypingar. Lik samspelet mellom bia og mariskoen, har også bjørketre og borebilla eit symbiotisk forhold. Sjuke og skada tre utgjer habitatet for borebilla, som under barken banar seg vegar og irrgangar. Desse vegane dannar spor, eit slags skriftspråk om møtet mellom borebillas liv og treets daude. Frå tidleg av har desse livsformene som dannar bru mellom det som finst over og under bakken, det som må døy og det som skal leve, vore tolka som symbol for naturens regenererande krefter. I *Symbioser* møter ein noko av naturens eige avtrykk i form av deler av ei bjørkestamme, lagra i 15 år og prega av møtet med bjørkesplintbora. Stammene ber også spor av små, muterte borebiller laga av kleberstein, som Eliasson har felt inn i treverket — små amulettar som ber med seg skildringar om transformasjon i notid, fortid og framtid.

Utstillinga er støtta av Norsk kulturfond og Billedkunstneres Vederlagsfond.

Attracted by the scent of pheromones, a solitary bee bumbles its way within a small, yellow-green pouch. As it creeps forward, its fur is filled with small pollen grains from the fragile walls of this pouch (labellum), part of the lady's slipper orchid. Is the bee aware that this is absolutely essential for the orchid's existence, or does it just buzz on to the next flower, unaware that its journey ensures fertilisation, that it is this that makes a new generation of the orchid possible? One often wonders what things lead to. What are the consequences of the choices we make in life? Was it the bee that caused the lady's slipper orchid to develop its specific scent, or the orchid's scent that influenced the development of the bee? What if life is not a straight line that leads from one point to another, but rather a result of cooperation and symbioses, of constant dialogue that alternates between one thing and another?

In *Symbioser* (Symbioses), Sofia Eliasson alternates between past, future, and present. By using old craft techniques, artificial intelligence, and the creations of other life forms, she investigates evolution, transformation, and possible versions of life. Starting from the lady's slipper orchid—one of the only wild-growing orchids in Norway—she feeds artificial intelligence with her own visual explorations, existing image material, and text to conjure up alternative versions of the orchid. What would it look like if it had been pollinated by aliens? Or if parts of it were enlarged or reduced? If it was not at all dependent on the chalk-rich soil it has so meticulously taken root in? The artificial intelligence responds, throwing out suggestions and possibilities that Eliasson takes and reworks. By carving out the various representations of the orchid in soapstone, she creates forms in a material that has been part of the cultural heritage since the Middle Ages. The forms are filled with tin, which gives a negative form and then a positive cast of the orchid as an object. Exhibited together as a pair, Eliasson plays with transformation and leaps between time periods — a fossil of a potential future coupled with the technique and material utility of the past. Botany created by artificial intelligence meets ancient casting techniques via contemporary technology.

Sometimes nature itself creates its own casts. Similar to the interaction between the bee and the lady's-slipper orchid, birch trees and birch bark beetles also have a symbiotic relationship. Sick and damaged trees form the habitat for the beetles, which tunnel under the bark. These tunnels form traces, a kind of written language about the encounter between the beetle's life and the tree's death. From time immemorial, these forms of life that bridge what exists above and below the ground, what must die and what must live, have been interpreted as a symbol of nature's regenerating powers. In *Symbioser*, one encounters some of nature's own imprint in the form of parts of a birch trunk, stored for over 15 years and marked by the encounter with birch bark beetles. The trunks also leave traces of small, mutated birch bark beetles made of soapstone, which Eliasson has embedded into the wood — small amulets that bring with them descriptions of transformation in the past, present, and future.

The exhibition is supported by the Norwegian visual artists' remuneration fund and the Norwegian Culture Foundation.